



Bergen kommune  
Bymiljøetaten  
Postboks 7700  
5020 Bergen

Dato: 10.10.2017  
Vår ref.: 2014/13696-48  
Saksbehandlar: lisadla  
Dykkar ref.:

## Uttale til Trafikksikkerhetsplan for Bergen 2018-2021 – 201609988

Det vert vist til dykkar brev av 21. august og 15. september 2017 vedkommande uttale til forslag til Trafikksikkerhetsplan for Bergen 2018-2021.

Bergen kommune har lagt fram ein ryddig, innhaldsrik og informativ trafikksikringsplan for dei neste åra, og Hordaland fylkeskommune vil i særleg grad trekke fram grepet som er gjort med å få fram heilskapen i trafikksikringsarbeidet, gjennom å løfte fokuset på trafikantretta tiltak.

### Om trafikkulykker, nullvisjon og nullvekstmål

Den positive utviklinga i nedgangen i alvorlege trafikkulykker i Bergen kommune er viktig å ta med seg inn i ein ny planperiode. Det er viktig å halde fram med det gode trafikksikringsarbeidet som er gjort siste åra, og ikkje minst med tanke på at Bergen kommune som «Gåbyen», der trafikksikring og byutvikling koplaster saman. Dette handlar om samanhengen mellom nullvekstmålet og nullvisjonen. Det er ved fleire høve peika på at nullvisjonen og nullvekstmålet står i eit motsetnadstilhøve til kvarandre gjennom at mjuke trafikantar er ei særst utsett trafikantgruppe. Her er det heilt avgjerande at det vert etablert gode tiltak som kombinerer tilrettelegging for auka gange og sykling, og som samstundes sikrar dei mjuke trafikantane med tanke på trafikkulykker. Dette krev ei medviten satsing, og godt funderte val av tiltak frå mange ulike trafikksikringsaktørar.

### Det haldningsskapande trafikksikringsarbeidet

For å lukkast med å få ned talet på drepne og hardt skadde i trafikken må trafikksikringsarbeidet vere ein kombinasjon av fysiske tiltak på vegnettet, haldningsskapande og organisatoriske tiltak. Dette inneber at ein må ha fokus på trafikksikring i alle ledd og einingar, og på den måten få ei tverrfagleg koordinering. Kommunen sitt vedtak om etablering av «Hjertesoner» ved alle skulene i Bergen er eit tydeleg signal om å løfte det trafikantretta arbeidet i kommunen, og få eit auka fokus på trafikktryggleik inn i skulekvardagen.

### Forankring i regionale planar - presisering av tekst

Vi foreslår å presisere følgjande i teksten; side 40, 65 og 74, som gjeld omtalen av Regional transportplan 2018-2029. Vi ber her om at teksten vert endra slik at det går fram at Regional transportplan (RTP) allereie er vedteke. Dette fann stad i fylkestinget 14. juni 2017.

Merk at den økonomiske ramma, kap. 7.2, for heile fylkesvegnettet i Hordaland for perioden 2018-2021 er på 5175 mill kr (2017-kr), med ei fordeling på 3123 mill kr til investeringar og 2052 mill kr til drift og vedlikehald. Fylkeskommunen sin andel i byvekstavtalen er på 1020 mill kr i fireårsperioden.

Hordaland fylkeskommune sin *Handlingsplan for trafikksikring 2014-2017* skal etter vedtak av RTP vere ein del av Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet, og ikkje lenger eit eige dokument, jf opplisting side 65.

John Martin Jacobsen  
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*